



Nokre av elevane i 5. klasse samla hos Elins Matgleder til julegraut og juleverkstad.

Dei 17 elevane i 5. klasse ved Uskedal skule fekk ei spesiell oppleving i går, då dei fekk vera med på juleverkstad og julemat hos Elins Matgleder. Åse Neset Myklebust, kontaktlærer for 5. klasse, fortel at elevane var gode nøgde med opphaldet.

Det heile tok til med julegraut med mandel i. Elvira fann mandelen. Julebrusen høyrer alltid med. Så var det juleverkstad der oppgåvene var å dekorera pepparkaker og måla juletrepynt.

Tida på Nedre Fet vart avslutta med leiken Gøyma og leita.

Tekst/ nett: Kristian Bringedal

Foto: Elin Enes



Ei av oppgåvene på juleverkstaden var å måla/dekorera juletrepynt.